

## Årsmelding Austevoll historielag for 2017

Styret hadde denne samansetjinga i 2017: Sigrunn Helle Hansen (leiar), Annicke Sivertsen (kasserar), Jostein Storebø (sekretær), Oddvar Stangeland, Siri Sørhaug

Vara: Peder Kolbeinshavn (som har møtt i langtidsfråvær) og Anders Rabben

Historielaget arrangerte ein ekskursjon til Møkster i september og eit medlemsmøte i oktober 2017 om slektsgransking som følgjast opp med ekstern forelesar i februar 2018. På styremøta har vi hatt mange idémyldringar om aktivitetar framover. Styret vart informert om heftet om handel, men frå hausten 2017 har det i tillegg vore eigne møte for redigeringsgruppa.

Her følgjer oversikt over møta i historielaget:

- 04.01.2017 Styremøte** om heftet om handel i Austevoll, program for våren 2017, årsmøte.
- 06.04.2017 Førebuingar til årsmøte.**
- 24.04.2017 Årsmøte** med referat, årsrekneskap, framdriftsplan for heftet, medlemskontingent og styresamansetjing.
- 22.05.2017 Styremøte** – styret konstituerte seg, idémyldring om medlemsaktivitetar, vidare arbeid med publikasjonen om handel.
- 19.06.2017 Styremøte** om ekskursjonar og medlemsmøte hausten 2017, heftet om handel i Austevoll.
- 13.09.2017 Ekskursjon til Møkster** der Arild Sunde var omvisar på øya, lunsj i løa til Astrid Mehus Sunde og Arild, rektor Mona Mørk fortalde om historieprosjektet til elevane på skulen.
- 04.10.2017 Styremøte** om medlemskontingenten, ekskursjon til Møkster, medlemsaktivitetar og temaheftet om handel i Austevoll.
- 23.10.2017 Medlemsmøte/motiveringskveld** om slektsgransking der Siri Sørhaug, Peder Kolbeinshavn og Arve Jostein Bruntveit fortalte om sitt arbeid på dette feltet.
- 20.11.2017 Styremøte** om oppfølging om slektsgransking med ekstern forelesar. Finansiering av trykkinga av heftet og kontakt med

eventuelle sponsorar. Hele styret med vara må få høve til å lese gjennom alle tekstane til heftet. Lansering av heftet om handel i Austevoll.

### **Styremøta i 2017**

På styremøta har ein samarbeidd om framgangen med heftet. Temaskriftet om handel i Austevoll har vore oppe på alle styremøta, men har ikkje vore einaste tema på møta etter at redigeringsgruppa fekk eigne møte. Andre sakar som medlemsaktivitetar har også fått stor plass på styremøta.

Arbeidet med heftet har vore særstidkrevjande både for dei som skreiv artiklane og for dei som har redigert desse, og ikkje minst for Kristin som har leia prosessen og samarbeida med Marius Fimland. Vi ser nå snart slutten på dette arbeidet. Det har vore mykje dobbeltsjekking og oppdatering av fakta og mykje rettearbeid.

Medlemskontingent vart kravd inn i 2017. På turen til Møkster og på motiveringskvelden om slektsgransking var det ein del nye folk med som ikkje var medlemmar i laget.

Storebø, 12.02.2018

For Austevoll Historielag  
Jostein Storebø  
sekretær